



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Jostein Wårum
Gullbakkvegen 83
2940 Heggenes

Delegert sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

NETMAL - 26/930

Arkiv:

V21, 27/2, 26/50

Vedtaksdato:

18.06.2026

Saksnr.	Utval
172/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
159/26	Kommunestyret

Svar på søknad om nydyrking 26/50

VEDTAK

Kommunedirektøren v/ leiar av Næring, plan og byggesak gjev Jostein Wårum løyve til nydyrking av ca. 30 dekar på eigedom 3453-26/50. Tiltaket skal ikkje omfatte areal utanfor den grensa som er oppgjeve i samband med kart (Figur 4). Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:


1. Dersom det i samband med tiltaket vert funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjent, skal arbeidet stoppast i den grad det rører kulturminne eller deira sikringssoner på 5 meter, jf. kulturminnelova § 8. Melding skal sendast til Innlandet Fylkeskommune, avdeling kulturarv, som kan avklare om tiltaket kan gjennomførast og eventuelle vilkår for dette.
2. Overflødige massar som stubbar, stein m.m. skal plasserast slik i terrenget at det ikkje verkar skjemmande.
3. Eventuell grøfting skal gjerast der det er behov. Eigna filtermateriale i grøfter må nyttast.
4. Det skal settast igjen ei vegetasjonssone mot vassdrag fri for inngrep. Vegetasjonssona skal vere på minst 6 meter.
5. Kommunen skal godkjenne og måle opp arealet før det inngår i søknad om produksjonstilskot. Arealet blir ikkje godkjent for produksjonstilskot før den sesongen det gjev avling som vert hausta eller beita.
6. Dersom tiltaket ikkje er gjennomført innan 3 år, fell løyve til nydyrking bort.

Bakgrunn for saka

Jostein Wårum søker om godkjenning av plan for nydyrking av rundt 30 dekar fulldyrka jord.

Saksopplysningar


Jostein Wårum søker om godkjenning av plan for nydyrking av 30 dekar på gnr/bnr 26/50. Det omsøkte arealet er merka av i kart (figur 1).




Figur 1. omsøkt areal er markert i gult.

Planlagt dyrka areal har samanhengande morenemateriale, med stadvis stor mektigheit. Størsteparten av det omsøkte arealet er definert som dyrkbar jord. I Ar5 er alt arealet som er omsøkt klassifisert som skog. Det er ikkje registrert natur- eller kulturlandskapsverdiar i konflikt med tiltaket, og det er heller ikkje registrert kjende friluftslivstrasear.

Det er registrert eit kjend kulturminne som vert råka av tiltaket. Kulturminne er vist i figur 2. Søknad om løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne ligg vedlagt. Det går ein bekk, Kvannebekken, i ytterkanten av det planlagde nydyrka arealet, sjå figur 3. Bekken har, i vann-nett, god økologisk tilstand. Kjemisk tilstand er ikkje klassifisert. Bekken renn ut i Vinda.



Figur 2. Kulturminne på omsøkt areal. Omsøkt areal er markert i raudt.



Figur 3. Bekk på omsøkt areal. Bekken er markert med blått, omsøkt areal er markert med raudt.

Søkjar eig og driv landbrukseigedom 3453-27/2, og driv med mjølkeproduksjon. Det omsøkte arealet ligg på grunneigedom 26/50, som er ein grunneigedom under landbrukseigedom 27/2. Søkjar oppgjev i sin søknad at arealet skal nyttast til grasproduksjon. Søkjar skriv vidare at dei økonomiske og driftsmessige fordelane ved nydyrkinga er at søkjar får tilgang til meir spreieareal, og kan kutte ned på innkjøp av grovfôr til garden. Nydyrkinga skal gjennomførast ved å hogge skogen på det omsøkte arealet. Søkjar skriv at terrenghøgde er ok, så det blir minimalt med planering. Det skal brukast bulldosar og gravemaskin.

Etter forskrift om nydyrking, fastsett av landbruksdepartementet 2. mai 1977 med heimel i Jordlova (Lov av 12. mai 1995 nr 23) med seinare endringar, kan nydyrking berre skje etter plan godkjent av kommunen. Etter § 5 i forskrifta skal det leggjast vekt på korleis tiltaket påverkar natur- og kulturlandskapsverdiene i området. Dette gjeld landskapsbiletet, naturmangfald og kulturminne. Styrking av driftsgrunnlaget på eininga skal vurderast, om det ligg til rette for driftsmessige gode løysingar. Det skal ikkje gjevast løyve til nydyrking ut mot vassdrag utan at det blir sett att ei vegetasjonssone. Tiltaket skal vurderast i høve til naturmangfaldslova. Kapittel II, «allminnelige bestemmelser og bærekraftig bruk», med pålegg om å opptre aktsamt og gjere det som er rimeleg for å unngå skadar på naturmangfaldet.

Vurdering etter naturmangfaldlova

§ 6 Alminnelege krav om berekraftig bruk pålegg alle å opptre aktsamt, og gjere det som er rimeleg for å unngå skade på naturmangfald i strid med måla i §§ 4 og 5. Utførast ein aktivitet i høve til løyve gjeve frå offentleg mynde, skal plikta til aktsemd sjåast som oppfylt dersom føresetnadane for løyve framleis er til stade. Det som skal leggjast til grunn for vurderinga er gjeve i lovas §7 (Prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 – 12).

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget:

Offentlege vedtak som rører naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg, byggje på

vitskapeleg kunnskap om artars bestandssituasjon, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, samt effekt av påverkingar. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i rimeleg forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Deler av omsøkt areal er registrert som produktiv skog. Ein reknar ikkje at omsøkt tiltak vil påverke artar eller andre særleg viktige naturkvalitetar.

§ 9 Føre-var-prinsippet:

Etter vurderingar gjort etter § 8 treng ikkje føre var-prinsippet i § 9 særleg vektleggjast i denne saka.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning:

Ein påverknad på økosystemet skal vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsett for. Tiltaket sin belastning er vurdert til å vere liten.

§ 11 Kostnadar ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar:


Tiltaket er vurdert til å ikkje føre til skade på naturmangfaldet på slik måte at tiltakshavar blir pålagt å dekke kostnadar.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar:

Det blir ikkje sett spesielle krav til driftsmåte. Arealet ynskjust nytta til grasproduksjon.

Generell vurdering

Jordsmonnet og produksjonsvilkåra gjer arealet eigna til fulldyrking. Planlagt nydyrka areal ligg inntil eksisterande skogsbilveg, om lag 250 meter frå bilveg. Det vert vurdert at tilkomst til arealet er uproblematisk. Søkjar må ved nydyrking sette igjen ei naturleg vegetasjonssone på minst 6 meter mot vassdraget fri for inngrep. Sjå figur 4. Søkjar må med tiltaket ta omsyn til naturlege dreneringslinjer i området, og må ut frå lokal kjennskap vurdere om det er nødvendig med eventuelle grøftingstiltak.



Figur 4. Arealgrense med vegetasjonssone mot vassdrag.

Vilt

Det er ikkje registrert leveområde for vilt det bør takast omsyn til.

Friluftsliv

Tiltaket er vurdert til ikkje å påverke negativt med omsyn til friluftsliv.

Landskapsbilete

Etter kommunen sin vurdering vil ikkje landskapsbilete bli negativt påverka av tiltaket. Overflødige massar av stubb, stein m.m. skal plasserast/fjernast slik at det ikkje verkar skjemmande, derunder eventuelt opplag i røys.

Kulturminne

Det er registrert kjente kulturminne på omsøkt nydyrkingsareal. Det ligg to kjende kolgroper på det omøskte arealet, i tillegg til ei kjend kolgrop i grensa til det omsøkte arealet. Det vart sendt eit førebels vedtak til kulturavdelinga til Innlandet Fylkeskommune. Innlandet Fylkeskommune har kome med følgande tilråding: **I samband med søknad om godkjenning av plan for nydyrking på gnr/bnr 26/50 i Øystre Slidre kommune gir me løyve til å fjerna automatisk freda kolgrop id 314076. Det blir ikkje stilt vilkår om arkeologisk undersøking av kulturminnet før tiltaket kan setjast i verk.** Arealet er sjekka i tilgjengelege databasar. Dersom det i samband med tiltaket vert funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjent, skal arbeidet stoppast i den grad det rører kulturminne eller deira sikringssoner på 5 meter, jf. kulturminnelova § 8. Melding skal sendast til Innlandet Fylkeskommune, avdeling kulturarv, som kan avklare om tiltaket kan gjennomførast og eventuelle vilkår for dette.

Ynskje om styrking av driftsgrunnlaget til eigedommen

Landbrukseigedommen er etter kommunen sin bruksstruktur i dag eit middels stort bruk. Tiltaket vil vere positivt for framtidig drift. Det vil vere gunstig for eigedommen å få meir areal til grasproduksjon.

Klima

Tiltaket blir vurdert å ikkje ha vesentlege negative konsekvensar for klimaet.

Konklusjon

Kommunedirektøren v/ leiar av næring, plan og byggesak meiner etter ovannemnte vurdering at nydyrkinga kan godkjennast på visse vilkår:

Tiltaket skal ikkje omfatte areal utanfor den grensa som er oppgjeve i samband med kart (Figur 4).

1. Dersom det i samband med tiltaket vert funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjent, skal arbeidet stoppast i den grad det rører kulturminne eller deira sikringssoner på 5 meter, jf. kulturminnelova § 8. Melding skal sendast til Innlandet Fylkeskommune, avdeling kulturarv, som kan avklare om tiltaket kan gjennomførast og eventuelle vilkår for dette.
2. Overflødige massar som stubbar, stein m.m. skal plasserast slik i terrenget at det ikkje verkar skjemmande.
3. Eventuell grøfting skal gjerast der det er behov. Eigna filtermateriale i grøfter må nyttast.
4. Det skal settast igjen ei vegetasjonssone mot vassdrag fri for inngrep. Vegetasjonssona skal vere på minst 6 meter.
5. Kommunen skal godkjenne og måle opp arealet før det inngår i søknad om produksjonstilskot. Arealet blir ikkje godkjent for produksjonstilskot før den sesongen det gjev avling som vert hausta eller beita.
6. Dersom tiltaket ikkje er gjennomført innan 3 år, fell løyve til nydyrking bort

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar.

Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Malin Kyrkjeeide Neteland
Landbruksrådgjevar

Vedlegg

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og sendt utan underskrift, i samsvar med våre rutinar